

Englar med skit på vengene

YLE FST5 24.2.2007 klo 17:45. "Liikkeellä luonossa: Tuulimyllyjen uhat".

Norjalaisen dokumenttiohjelman teksti norjaksi.

Navn: PRNA-200006-06, Type: TTV, 02.10.06

Hubro og havørn lever langs den vindfulle norskekysten.

Vinden kan gi oss kraft. Grøn kraft.

På Smøla på Nordmøre blir vinden til elektrisk kraft.

Samtidig er dette havørnland. Ingen andre stader levde havørn så tett som her.

"Grøn kraft" skulle det liksom vere.

Men det er blitt ein trussel mot naturarven vår - og opplevingane og forståinga for kommande slekter. Stille påsketid på Smøla.

Vindturbinane står som englar i terrenget.

Den eittårige ørna er kappa i to av turbin 25.

Våren startar tragisk for havørnene på Smøla.

Elisabeth Marøy drøymer om hus ved heimstaden på Harøya.

Men ho har stoppa husplanane fordi det kan bli vindkraftanlegg utanfor.

Eit selskap har søkt om å få bygge 78 vindturbinar på grunner og skjer.

Eg synest det er deprimerande å tenkje på.

Sola skal ikkje gå ned i havet lenger, men ned i ei vindmølle.

Det er pengar mot natur.

I eit tomt havørnreir på Smøla sit tidlegare leiar i Natur og Ungdom.

Ho jobbar no for fleire vindkraftselskap.

Eg meiner at vindkraft er ein viktig føresetnad for å få ned klimagassutsleppa.

Det er løgn og forbanna dikt. Peer lyg på alle moglege måtar.

Skal ein redusere klimagassutslepp i verda, så må ein gjere nettopp det.

Ikkje lage nye natur- og miljøproblem og øydeleggje kystnaturen i Noreg.

Store, urørte område på Helglands-kysten er eit paradis for hubroen.

Ingen andre stader er det tettare med hubro.

Hubroen treng også mykje plass og er sårbar for uro i hekketida.

No kan hubroen miste gode leveområde.

På Smøla var det også store urørte areal.

Det største urørte området på kysten av Møre og Romsdal låg her.

I dette landskapet levde havørnene i fred for fire år sidan.

Vi har følgt utviklinga. Særleg det siste året har vore dramatisk.

I byrjinga var vi opptekne av å få alternativ energi, som vindmøller.

Etter kvart har eg skjønt at å bygge vindmøller langs norskekysten er å etablere svære industrianlegg.

Det er dei største naturinngrepa i norsk historie.

Vindturbinane blir kalla møller, krafta blir kalla grøn.

Industrianlegget blir kalla ein park.

Når konsesjonstida går ut, meiner utbyggjarane dei kan gjere anlegget om til natur igjen. Er det mogleg?

I det som var eit inngrepsfritt område, låg reira tett.

Tettast i heile verda.

Statkrafts anlegg har uroa ørnene og fortrengt dei frå reirpllassane.

Den tettaste havørnbestanden i verda er ikkje lenger på Nordmøre.

Vindkraftanlegget gjer meir skade.

Ikkje berre pressar det ørnene vekk. Turbinane tek også liv.

Rotorblada har ein fart på 250 km/t i ytterkanten.

Første året med 68 turbinar blir dramatisk.

Før Gro Harlem Brundtland opnar anlegget på Smøla, er den første havørna alt slått i bakken. Det skal bli fleire.

Var det manglande naturkunnskap som gjorde at dei bygde vindkraft her?

Nei, eg trur kunnskapen er god nok.

Smøla er spesiell fordi det er stor havørntettleik.

Eg trur ikkje framtidige parkar i landet vil stå midt i havørnområde.

Men eg trur kunnskapen vi hadde, var god nok då vi planla parken.

Og vi haustar mykje nyttig erfaring her.

Vi sa på førehand at tanken om å plassere ein så stor vindpark - midt i den største konsentrasjonen av hekkande havørn som finst.

Det måtte gå sånn! Det er dokumentert svart på kvitt.

å seie at ein er overraska over at det vi varsla, har skjedd ...

Data frå ein satellittendar kan seie nøyaktig kvar ørna flyg.

Ein sendar blei i fjor festa på ein havørnunge i anlegget.

Det er mars. Ungen har unngått turbinane og flyg sørover frå Smøla.

Statkraft og Norsk institutt for naturforskning vil slik lære meir om havørner ved vindturbinar.

Dette er den første store vindparken i Noreg.

Det vil vere eit kjempelaboratorium for å få fram kunnskap om vindmøller og verknaden på natur og miljø.

Ein fuglekjennar er hyra for å finne døde havørner i terrenget.

3. mai ligg den sjette døde ørna i lyngen.

For andre gong skjer dette ved turbin 21.

Neste dag skjer det igjen. Den sjuande ørna er drepen.

Ein veng og hovudet er kappa av.

Det er midt i hekketida.

Her ser vi at fuglen har rugeflekk.

I beste fall har fuglen berre prøvd å hekke.

I verste fall har han egg eller ungar i reiret no.

For tredje dag på rad ligg ein fugl død. Ei vaksen ørn utan veng.

No har vindturbinane teke livet av åtte ørner.

Det som har skjedd på Smøla, er urovekkjande.

Men statens ekspertar reknar med at dette er eit eingongstilfelle.

Og det var vanskeleg å føresjå denne konsekvensen.

Det er berre trist å konstatere at det skjedde, det som vi frykta.

Norsk Ornitologisk Forening krev at produksjonen på Smøla må stoppe.

Statkraft vil overvake ørnene, men turbinane skal framleis gå.

Det ser ut til at dei blir ståande og hakke i hel fugl.

Naturen på Smøla fekk toppkarakter i vurderingane før utbygginga.

Det var ikkje nok til å verne området.

Tyder det ein ser på Smøla, på at naturvernet vil bli styrkt heretter?

Det er vanskeleg å seie.

Eg håpar at informasjonen på naturvernside blir betre, slik at han blir lettare å operasjonalisere.

Og at ein gjer utval og ikkje läet dei verste prosjekta gå gjennom.

Fuglekjennaren har vakse opp med havørn på Smøla.

Innanfor vindkraftområdet finn han liv i berre eitt reir.

Denne ungen vil leve farleg når han skal ut på eigne venger.

Vi får håpe at han unngår vindmøllene, at det går bra.

Langs norskekysten er det planlagt over 100 vindkraftverk.

Kvar turbin på kartet viser plasseringa av eitt anlegg.

På kvar stad kan det komme frå nokre få til 200 turbinar.

Hurtigruta låner horisonten, slik ho alltid har gjort.

Aldri har nokon lagt beslag på synsranda, før no. Vindturbinar kan komme til å overta horisonten på Hustadvika.

Eg skjønner at ein ikkje kan snakke om kjensler i politikken.

Men summen av verdiar ... 30 millionar her. Natur og andre verdiar som den kan gi ... Psykisk og fysisk førebyggjande helse ... Opplevingar ...

Eg trur at om vi hadde lagt dei på ei vekt ...

Dei kystnære områda har vore fristad for sjøfuglar i tusenvis av år.

Vi er på Orskjera på Hustadvika, 10 km rett ut i havet.

Folk har alltid vore gjester her, men berre for ei lita stund.

Områda har så rikt liv over og i vatnet at dei er foreslått verna.

Då kan ingen gå i land i hekketida.

Om ikkje kraftselskap kjem og lagar industrianlegg.

Det er søkt om konsesjon for 78 vindturbinar - på eit areal som er like stort som 5000 fotballbaner.

Det er planar om tre slike område på grunner og skjer i Møre og Romsdal.

Alle områda ligg i leia for trekkfugl.

Dei må forbi 334 vindturbinar som står midt i trekkruta.

Vår som haust. Millionar av fugl er koncentrert langs kysten frå Trøndelag til Stad.

Dette er hovudvegen for fugletrekket.

Turbinane står mot vinden, og den blæs mest langs kysten.

Dei vil vere vende mot fugletrekket og få maksimalt uheldig effekt.

Ingen vil finne ut kor mange som forsvinn i havet.

Frå fuglefjell på Runde kjem hundre-tusenar for å finne næring i havet - akkurat i dette området.

Kvífor skal dei komme og fortelje oss korleis vi skal bruke vår natur, vår framtid?

Det provoserer meg sterkt.

Dei seier at dei vil betale for det. Ein kan ikkje betale for dette!

Eg er ikkje villig til å selje denne naturen.

Sjå på Jæren, for eksempel. No eig spekulantar i Tokyo sørvesten på Høg-Jæren.

Mens lokalsamfunn har fått øydelagt nærområda sine og tek all belastninga.

Kystkommunane får millionar for å tillate bygging i naturen - der det no ikkje er lov å byggje hytter eller naust.

Det er ein parallel til det som skjedde i Noreg for 100 år sidan.

Då reiste Sam Eyde, som grunnla Hydro, og andre rundt og kjøpte opp fossane i Noreg for ein veldig billig penge.

No skal dei siste restane tynast.

Den prisen er høg å betale for norsk natur.

Urørt natur, stille, fred ... Det er for mange så avgjerande for livskvaliteten at dei reiser langt for å komme til eit urørt område og dvele der.

Det kan vere ein av Noregs store ressursar i dette hundreåret.

Ingen andre europeiske land har ein tilsvarende kystnatur.

Det er vanskeleg for oss i 2006 å sjå verdien av dette i f.eks. 2040.

Mange land har satsa på såkalla økoturisme.

I Noreg er vi så vidt i gang med turisme basert på levande natur.

Kystnaturen kan bli meir eksklusiv dess meir intakt han får lov å vere.

Er vi berre i startgropa til å forstå verdien av dette?

På Helgelands-kysten er det planlagt vindkraftutbygging i urørte område.

Men kanskje det kan vere like store verdiar i økoturisme.

Eg har sett naturfenomen ute i verda som gir arbeidsplassar og inntekter.

Eg har sett kva folk vil betale for. I England betaler dei for å få sjå grevling.

Kva vil dei ikkje gi for å få oppleve den største ugla vår her i havgapet?

Eg trur potensiala er enorme.

Dei tre siste åra har det vore mindre vind på Smøla enn normalt.

Derfor er det produsert mindre kraft.

Vi veit enno ikkje om kysten har så mykje vind som vindkraftprodusentane håpar.

I staden for vindkraft finst det mange alternativ som både kostar mindre og ikkje skader naturen.

Vi får meir kraft ved å modernisere vasskraftverk og redusere tapa i overføringsnettet.

Vi har også eit stort potensial for å spare straum.

Bioenergi og varmepumper kan også gi store mengder elektrisk kraft.

Visste Stortinget som satsa på vindkraft, at det ville rasere fleire verdifulle naturområde langs kysten?

Det same Stortinget vil stanse tap av biologisk mangfald innan tre år.

Folk ved Hustadvika viser sin motstand mot vindkraftutbygging.

Vardane er denne kvelden tende heilt frå Lindesnes til Troms.

Dette er den gamle måten å varsle fare på langs kysten.

Havørnungen frå Smøla er på veg mot lagnaden sin. Ei siste flukt.

Denne animasjonen er basert på signala frå satellittsendaren hans.

Han skal heim til staden der han blei fødd.

Uheldigvis er det midt mellom 68 vindturbinar.

Ungen er den niande havørna som er drepen på like mange månader.

På hausten er ørnene meir aktive igjen.

1. september blir ei levande havørn funnen med knekt veng.

Ho blir avliva under turbin 38.

Fugle- og dyrelivet er mest intakt der naturen får vere i fred.

Langs kysten finst det enno store samanhengande område - der naturen sjølv får rå.

Berre ein liten del av dei er verna.

Samtidig er naturen så verdifull at Stortinget har forplikta seg til å ta vare på han.

Vindkraft krev også store opne areal, helst litt unna folk.

Utbyggjarane ser etter vide, urørte område som er eksponerte for vind.

Det har vi ute ved kysten.

Derfor vil vindkraftselskapet ha dei same rike naturområda som vi har forplikta oss til å verne.

Dei siste delane av urørt kystnatur kan gå til industri.

Hugs at vindkraft er ein installasjon som det er mogleg å ta bort igjen.

Då vil i alle fall den synlege delen av prosjektet forsvinne.

Som illustrasjon viser vi Nidarosdomen i lag med turbinane, slik dei er planlagde på Solværøyane på Helgeland.

Her har hubroen hatt ro i generasjonar.

Eit referanseområde for heile Europa.

Biletet viser ikkje heile sanninga. Sjølve naturinngrepet er gjort lenge før første turbin blir reist.

Denne naturen ser vi i så fall for siste gong.

For inngrepet er ikkje berre turbinane.

Her kan 30 km veg, 40 fyllingar, 9 bruver, fundament og snuplassar innta holmar og skjer og setje den levande naturen på utsida.

Konsesjonstida er over om 25 år. Kan ein demontere anlegga, leggje torv over inngrepa - og tru at naturen dermed er reparert?

For artane her er ikkje naturen ei kulisse dei kan gå inn og ut av.

Kor mange hundreår tek det å utvikle samspelet hubroen lever i?

Og kor raskt kan det rivast ned?